



---

**Referat frå møte i UKS den 4. februar 2011**

---

**Tilstades:** Roy, Jørn Håvard, Kjetil, Thomas, Stig Ove, Stina, Kristina, Kent, Åse Kristin, May Britt, Ruben, Therese.

---

**Forfall:** Ingen

---

**Sak:**

**1) KVALEN:**

Kvifor brukar vi ikkje Kvalen?:

- Enkelte kallar Kvalen teit og ukult .
- Mesteparten av utstyret virkar ikkje.
- Det går enkelte skille mellom klasetrinn – eldre klasetrinn synest dei yngre er barnslege

UKS er einstemmig i at Kvalen må bestå! Vi brettar opp ermane:

Fornyingsiltak:

- Fikse alt utstyr
- "Låse" fast alt utstyr
- Senke aldersgrensa (t.d. aldersgruppa 12 – 16 mot 13 – 19 som no...)
- Oppbrukt/må utbetrast:
  - Videokanon
  - PCar
  - Air-hockey
  - Pingpong (bord og nett ok)
  - Fornye biljardbordet
  - Forsegle dei gjenbygde vindauga utvendig. Drenere ved inngangen. Pusse opp gangane og skifte ytterdør.

Søke pengestøtte frå ymse: Ansvar Roy, Therese, Frank

Dugnad – første dugnad i vinterferien. Rekruttere frå ungdomsskulen. I første omgang skaffe oversikt og fikse det som fiksast kan, t.d. biljardbordet.

Aktivitet (mykje som før):

- Discokveld
- Filmkveld
- Bowling

- Skitur
- Kristina er aktivitetssjef og dette kjem vi tilbake til når vi har fått på plass utstyrsparken igjen.

Selge Kvalen som fritidstilbod ut til klassane:

PowerPoint presentasjon i klassane. Roy og Therese, Kristina, Kent kan komme på skulen og fortelje. Samle 7. – 10. klasse i allrommet førstkommande onsdag.

## **2) Auke engasjementet til UKS:**

Vi får besøk av Ungdomspanelet som vil sjå på arbeidet til/i UKS. Vi tek saka på neste møte.

## **3) DUGNAD (Seminar i regi av Rusbehandling Midt-Norge)**

Seminaret fokuserer på samanhengane mellom ungdomskultur, beskyttande faktorar i oppvekstmiljøet og utprøving av rusmiddel blant ungdom.

Elisabeth orienterte om prosjektet. Roy sjekkar ut mot Skodje. Roy, Kristina, Kjetil, Åse Kristin blir med på dette prosjektet.

Neste møte blir fredag 18. mars.

Therese Aarvik  
Leiar

Frank Harneshaug  
Referent